



Lars Johan Myklebust – blir han både trener og spelar? (Foto: Grenda)

Lars Johan Myklebust (29), som har flytta heim til Uskedalen, vil truleg overta jobben som trener for femtedivisjonslaget Rosendal over nyttår.

Han er no lærar ved Malmanger skule. Lars Johan har ein allsidig trenarkarriere bak seg, mellom anna for Brann sitt gutelag, juniorlag og andrelag.

Myklebust stiller som vilkår at 18 spelarar stadfestar at dei vil vera med og delta på 3 treningar i veka. Måndag skal dei drøfte saka på eit spelarmøte og spelarane må gje svar innan den første treninga som skal haldast 3. Januar. Lars Johan har registrert ein positiv haldning og håpar og trur det blir mange nok med. Han meiner det er eit stort potensiale og mange gode spelarar i laget.

Lars Johan vil ha som målsetjing å jobba mykje med haldningar. Om han blir med på banen sjølv kan han ikkje seie noko om enno. Han seier til Grenda at det kjem an på kor mykje han får trene og kva som gjev best utbyte for laget. Han kunne godt tenkt seg å vera trenar på eit høgare nivå og drive med fotball meir enn som hobby, men noer det mindre aktuelt.

Ved å flytta heim har han teke eit val om at fotball ikkje er det viktigaste i livet.

Lars Johan har spela for Uskedalen, Os, Trio, Rosendal, Norheimsund og Brann 2. Han har vore trenar for Brann gutar, Brann junior, Brann 2 (hjelpetrenar), Åsane damelag og Norheimsund.

Av Ola Matti Mathisen